

# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 2 – JUNI 2004 – 7. ÅRGANG

## Ei stolt driftsform for framtida

Årets jordbruksavtale er god for den "profesjonelle bonden" les vi i eit landbruksblad. Det gjeld å plassere oss i båsar! Vi har ei kjensle av at det her er brukt ein definisjon som gjer at dei fleste bønder med seterdrift og anna beitebruk (og mange andre) fell utanom. I språket ligg det makt, og ingen skal vera i tvil om at slike uttrykk blir brukt medvete i arbeidet for å omstrukturere landbruket vårt. "Flinke bønder, de som satsar ...." las vi ein annan stad – satsar på kva? Jau, på stordrift, høg-teknologi og investeringar som gjev gjeld oppunder øyrene. Det er vel da ein kan kallast "profesjonell"? Skal tru om det er vegen å gå?

Frå fylka får vi meldingar om at arbeidet med dei regionale miljøprogramma er i gang. I nokre fylke er framlegga ute til høyring, og tilrådingane er jamt positive for seterbruket: framlegg om auka tilskot og gjerne differensiering slik at dei som er lengst på stølen får mest. Vi oppmodar om at flest muleg no engasjerer seg i denne prosessen, får tak i høyringsdokumenta og kjem med innspel overfor landbruksavdelingane og faglagane i fylka. Gjerne også innspel og framlegg til Norsk seterkultur, som vi kan bruke overfor styresmaktene på ulike nivå.

Det blir etablert mange samdrifter i mjølkproduksjonen, sjølv sagt også i område der seterdrift har vore vanleg – og det betyr i dag slutten på stølsdrifta for bruka som går i samdrift. Vi veit at ein del deltakarar i samdrifter kunne tenkje seg å halde fram seterdrifta, men det føreset "oppløysing" av samdrifta nokre veker om sommaren – noko som ikkje er lov. Vi har fått fleire innspel om at reglane på dette området burde endrast. Det bør vera muleg å kome fram til eit regleverk som opnar for slike løysingar.

I desse dagar er mange på veg til støls. Folk og dyr ser fram til nok ein sommar i fjellet. Godt for oss sjøl, men vi kan au vera visse på at mange andre sett pris på den eldgamle driftsforma vi framleis driv. Lat oss nok ein gong gå setervegen med respekt for generasjonane som gjekk føre - og med stolt visse om at stølsdrifta er ein svært verdifull del av både landbruket og samfunnet som heilskap. Noko å satse på!

Jostein



## Seterdrifta må få betalt for ein viktig jobb!

– Seterdrifta gjer ein viktig jobb for samfunnet - held vedlike kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet og verdifull bygningshistorie. Dette fortener seterbrukarane godtgjersle for. Fekk vi sett tal på den verdien seterdrifta utgjer både for det samla landbruket og samfunnet elles, ville det dreie seg om store summar! Dag Lindvig, dagleg leiar i Norsk Kulturarv, uttala m.a. dette på årsmøte-seminaret til Norsk seterkultur nyleg. I foredraget sitt la Lindvig for øvrig stor vekt på seterdrifta sitt potensiale for reiselivet, og fortalte om Norsk Kulturarv sin markedsføringsstrategi, som også Norsk seterkultur er delaktig i. Den

tradisjonsrike fjellbygda Vingelen, med mykje aktiv seterdrift, danna ei fin ramme rundt årsmøte og seminar.

På seminaret vart oppstarten av "ta et tak"-aksjonen 2004-2005 markert. Samarbeidspartnarar bak dette løftet for bygningar i stølsmiljøet er Norsk Kulturarv, Statens Landbruksforvaltning, Miljøverndepartementet, Norges Bondelag, If Skadeforsikring og Norsk seterkultur. Aksjonsansvarleg i Norsk Kulturarv, Trude Lillevik orienterte konkret om aksjonen, og mottok – litt symbolsk for å markere aksjonsstarten - første søknaden frå Anders M. Enget frå Alvdal.

Engasjerte seterbrukarar og andre seterinteresserte frå i alt åtte fylke deltok i viktige drøftingar om utfordringane seterdrifta og seterlandskapet står overfor.

**Framhald side 2**



## Endring

i utforminga av framsida dristar vi oss til i denne utgåva. Økonomien sett grenser for kor rause vi kan vera med plassen, og difor prøvar vi å utnytte mest muleg av bladet til tekst.

## Neste Seterbrukaren

er planlagt utgjeve i oktober, med frist for stoff og foto 20.9. Vi oppmodar om å ta foto-apparat og penn, evt. blyant eller pc, fatt – og bringe vidare "seterstoff" av alle slag.

## Kontingenten

har vore uendra frå NSK vart skipa til 2003! Det trengst pengar både til utgjevinga av Seterbrukaren og den øvrige aktiviteten i laget, og årsmøtet 2003 vedtok å auke satsane litt. Såleis er det for 2004 kr. 200,- for støttemedlem/abonnement, kr. 300,- for aktive seterbrukarar og kr. 500,- for organisasjonar/institusjonar. Giroen for betaling av medlemskontingent/abonnement var vedlagt førre utgåva av skriftet. Mange har betalt, men tillet oss å minne dei øvrige om at det framleis er høve til å betale.

Skulle giroen vera borte, står bankkonto-nummeret nedst på sida. Pass på å skrive namn og adresse på innbetalinga.

## Styret:

### Leiar:

Jostein Sande, leiar  
6214 Norddal.  
Tlf 70259108. jossande@online.no

Kjersti Reksen Sole, nestleiar  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
kjersti.sole@skjaak.kommune.no

Sissel Dahle Lie, Skrenten, Øystre Slidre.  
2950 Skammestein  
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal  
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.  
TINE BA. Tlf 22938800.  
gjermund.stormoen@tine.no

## Utgjevar:

### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169  
Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: NordvestTrykk

**Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.**

**Framsidedfoto:**  
Mette Nordbø.



Styret i Norsk seterkultur, frå venstre Gjermund Stormoen, Jostein Sande, Sissel Dahle Lie, Kjersti Reksen Sole og Odd Arne Espeland. – Stein Brubæk, Gjemnes, Ingrid Arneng, Vestre Slidre og Bente Kaasen Enlid, Midtre Gauldal er varamedlemar til styret. Pål Aukrust, Os i Østerdalen, er nytt medlem i valgkomiteen, der Ragnhild Grendal, Rennebu og Reidun Skånsar, Lom er med frå før..

## Framhald frå side 1



Dag Lindvig, , Norsk Kulturarv.

Desentralisering av midlar som m.a. har utgjort tilskot til seterdrift, var elles eit sentralt tema, der det vart understreka at stortingsproposisjonen sitt mål om "styrking av seterdrift" må følgjast opp i fylka. Desse midlane blir del av dei regionale miljøprogramma frå 2005. I "prøvefylka" Hedmark og Hordaland blir ordninga gjennomført alt i år. Årsmøtet ga det attvalde styret klar beskjed om å prioritere dei økonomiske verkemidla som kan styrke seterdrifta svært høgt!

Tolgas ordførar, Marit Gilleberg, helsa forsamlinga velkomen. Oddvar Austbø, Norges Vel, orienterte om det omfattande seterprosjektet som er igangsett i Nord-Østerdalen. Konservator Per Hvamstad fortalte om musea sitt fokus på seterdrifta – og fortalte at museet no slår eit slag for geita gjennom vandrestilling og temakveld. Det siste passa sjølsagt godt, for Norsk seterkultur arbeider aktivt for det

trua geithaldet, mellom anna i Nord-Østerdalen. - Kirsti Jordet og Stig Nordstad kåserte og viste lysbilde, med tema seterdrift og seterhistorie. Søstrene Tingelstad og Vingel Singers sto for flotte musikk- og songopplevingar i det elles tettpakka faglege programmet. Seminaret gjekk for seg i skytterhuset og resten av arrangementet på Vingelsgård, der m.a. årsmøtemiddagen bau på både tradisjonar og nyskaping i bygdas matkultur. Mange av dei tilreisande fekk ellers med seg eit besøk på spennande brukthandel og Eggen gardsysteri.



Frå årsmøtet på Vingelsgård. F.v. Kjersti Reksen Sole, nestleiar i NSK, Trude Lillevik som heldt foredrag om Norsk Kulturarv sin ta et tak-aksjon og Kirsti Jordet frå Vingelen som kåserte om dei mangfaldige verdiane i seter- og utmarksbruket i Vingelen.

# Mange slags turistar

Så lenge grinda og døra står oppe er det ikkje vanskeleg å finne vegen inn på peisestova på turisthytta for ei ku som vil flykte frå varme og klegg ute. Dette er Gråkoll som kvar sommar ferierer på Jelsetra på Jøldalen i Trollheimen. Ho er stort sett ei snill ku, og plana er at ho skal tiltre som bjellku til sommaren.

Jelsetra blir drivi på relativt tradisjonelt vis, med ein liten buskap på 3 til 4 kyr og eit par kviger og kalvar på opplæring. Dyra går dit dei vil om dagen, og er inne i fjøset eller ute på seterløkkja om natta, avhengig av veret. Vegen til bilveg er lang, slik at vi tek vare på all mjølka sjølv, lagar rømme og ost av ymse slag, og leverer mjølk til Jøldalshytta som er næraste nabo. Vi brukar mjølkemas-kin drivi med traktor, men elles er det mest handarbeid. I mjølkerommet som vart bygd i ein del av fjøset i 1999, har vi ein handdrivi separator. Som ystekar brukar vi ein gamal mjølketank, varminga skjer med sirkulasjon



Svartsi og Gråtass kosar seg på setervollen.



Gråkoll i peisestova på Jøldalshytta.

av vatn gjennom kjølenettet under tanken, og ein gassdrivi varmvastank. Så lenge vi måtte ha pumpe og varmvastank lell, var dette ei svært billeg løysning og bra nok når ein berre skal yste til eige bruk. Men tanken er veldig djup å arbeide i, og det er ganske avgrensa kva type ost ein kan lage. Oppvarminga går raskt og enkelt med mengder tilsvarande dagfersk mjølk frå 3-4 STN kyr, men eg trur ikkje det vil vera mogleg å t.d. pasteurisere med eit slikt opplegg. Vaskarvatn varmar vi på vedomn inne i seterstuggu.

Vi tok opp att seterdrifta i 1985 etter at seterdrifta vart lagt ned etter 75-sesongen. I byrjinga var det meir som eit eksperiment med kort sesong på 3 veker, ysting ein gong i veka, separator i vindfanget, og ein kan vel seie at det har balla på seg etterkvart som

interesse, kunnskap og krav har auka på. Vi har eigentleg haustkalving på kyrne, slik at resten av buskapen er på beite i bakkane heime. Vi byrja å krysse inn STN i ei vårber ku for om lag ti år sidan, og etter 14 kulkalvar på rad(!) enda det med 4 oksekalvar i fjor vår. Dei siste åra har kyrne stort sett vore flinke til å kome heim om kveldane, men det er uvisst om dette er fordi dei er STN eller fordi alle har vore med som kalvar og har eit vagt minne om noko godt i bøtta inne i seterfjøset.

**Vi ønsker alle ein god sommar og ein gild sætersesong!**

*Helsing frå Ragnhild Nordbø*



Kjersti Reksen Sole, nestleiar i NSK, Trude Lillevik, aksjonsansvarleg i Norsk Kulturarv og Kirsti Jordet – inspirerende tradisjonsformidlar frå Vingelen.



Ei verdig markering av Norsk seterkultur sitt femårs-jubileum sto også på programmet, markert med fine lokale musikalske innslag og lysbildekåseri. Tor Magnus Hansen, Vingelen, fekk ros og takk for sin innsats som styreleiar i det to-årige prosjektet som førte fram til etableringa av organisasjonen Norsk seterkultur i mars 1999.

# Skal det fungere på toppen, må det gro i botnen

Setereigarmøte 5. april 04.  
for Vågå – Lom – Skjåk.

På Garmostræet i Garmo, i Garmo i Lom. Arr.: Styremedlem i Norsk Seterkultur, Kjersti Reksen Sole.

## Tema:

Lagt opp som informasjon og samtale.

### 1. Nasjonalt nivå:

Takaksjon. Informasjon frå Norsk Kulturarv, ved Trude Lillevik.

Takaksjonen er i år knytt opp mot hus på setrene.

### 2. Fylkesnivå:

Regionalt miljøprogram ("regional tiltakspakke").

Første søknadsomgang i 2005.

For Oppland vil dette medføre omlegging av produksjonstilskot på 47,9 mill. kr.

Desse tiltaka vert inndregne	Utgjer i Oppland
Endra jordarbeiding	12,5 mill
Seterdrift	7,5 mill
Driftsvansketilskott for brattlendte bruk	6,4 mill
Dyrking av for i fjellet	5,6 mill
Organisert beitebruk	1,2 mill
SUM	33,2 mill

Dei resterande 14 mill. er omdisponering av andre produksjonstilskot. Vi veit ikkje kva denne omlegginga medfører (nivået og strukturen på desse nedskjeringane). I Ottadalen (Vågå, Lom og Skjåk kommunar) er det om lag 345 mjølkeproduksjonsbruk – og 59 aktive setrer. Setertilskotet, på 13000 kr, vert gjeve til alle som setrar min. 4 veker. Setertilskotet for Ottadalen utgjer ca. 780.000 kr.

Det er oppnemnt ei styringsgruppe og ei referansegruppe som skal arbeide med strategiar og kriterium for den regionale tiltakspakka. Nord-Gudbrandsdalen - Ottadalen inkludert, er ikkje representert her. Strategiar skal utarbeidast fylkesvis, men det kan vera rom for lokale prioriteringar innanfor Oppland. Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen

har ansvaret for jobben. Dokumentet skal ut på høyring i kommunane – truleg i tidsrommet juni – august.

Kan vi som seterbrukarar påverke prosessen? Seterbrukarar er ingen høyringsinstans, men vi kan gje innspel til referansegruppa og til kommunane.

### 3. Regionalt nivå:

Nasjonalparkar i Nord-Gudbrandsdalen; Nasjonalparkregion nr. 1 i Nord-Europa.

Eit samarbeid mellom Fylkesmann, Oppland Fylkeskommune, Regionråd, reiseliv, fjellstyre og Statskog. Arbeidet har som oppgave å få til ei berekraftig og næringsretta satsing i nasjonalparkregionen - i eit langsiktig perspektiv på 10-15 år.

### Mål:

- Auke verdiskapinga i reiselivet.
  - Auke verdiskapinga i tilgrensande næringer, som landbruk og ulike tenesteytande næringer.
  - Vidareutvikle kompetansen innan naturbasert reiseliv og nasjonalparkforvaltning.
- = => Næringsutvikling i randsonene – herunder er nærliggjande seterstular medrekna.

For 2004 blei det løyvd 1,2 mill til næringsretta tiltak i regionen.

### 4. Lokalt nivå:

- Beitebruksplanar.
- Beiting av seterkvever.
- Beiting i utmarka.
- Fellesbeite.
- Attgroing.
- Kulturlandskap.
- Den generelle nedgangen når det gjeld setrer i aktiv drift – ein nedgang i nærast fritt fall - og heilt opplagde grunnar for dette.
- Setrer med tradisjonell drift.
- Turistsetrer.
- Tradisjonelle setrer med enkle, nye "tidsriktige" innslag.
- Skattemessige sider ved vedlikehald av seterhus m.m.

### Oppsummering

Måndag i påskeveka – og like i førekant av årsmøtet i Norsk Seterkultur (17. og 18. april), vart det ordna til eit uformelt setereigarmøte i Gammelstugun hos Kjersti – diskret påskepynta, og med kaffe/te og herleg sjoko-

ladekake attåt. Målet var vel

a) fyrst og fremst å kunne treffast. Og når vi fyrst var samla der, mangla det ikkje på aktuelle og nærliggjande tema.

b) gjennom "styrt" orientering og samtale å få fokus på problem, utfordringar og framtidsutsikter knytt til kvardagen vår på setra. Det skjer mykje – på ulike nivå – som vedkjem oss som har setrer – og dermed har ei eller anna form for ansvar og drift knytt til desse.

Ved sida av dette vart det og orientert om aktiviteten i Norsk Seterkultur i året som har gått. Norsk Seterkultur er ein organisasjon på eit visst nivå. Det er ein møteplass for engasjerte "seterfolk" – med ulike ståstader. Det er ein møteplass der ein både kan gi og få. Det vart snakka varmt om det å vera medlem der, m.a. med tanke på å få med fleire. Det var sjølvstøtt og om å gjerast til synspunkt og innspel til styret og årsmøtet i organisasjonen.

På møtet var seks setrer representerte – pluss vertskapet da. Av dette var det ei geitseter og resten kusetrer. Dette var rundt 10 % av dei som setrar i desse kommunane – og i tillegg var to gardar representerte med både mann og kjerring. Vi tykte det var bra oppslutnad. Vi ser for oss dette møtet som ein enkel start på samkomer som det vil bli fleire av.

Det at det kjem fleire frå same garden er svært positivt. Å setre er ikkje noko opplegg for den einslege og einsame mannebonden. Her bør det vera minst to til å dra lasset i same retning – og gjerne fleire. Det er ynskeleg – for ikkje å seie heilt naudsynt "å vera hjelpa" som vi seier her, når ein skal drive på setra. Å setre er arbeidskrevjande, det er tidkrevjande og det er kunnskapskrevjande – på gammal og ny kunnskap. Setringa er for oss ein vesentleg del av heilskapen i gardsdrifta – og noko som ein har med seg gjennom heile året.

Utfordringa er sjølvstøtt å få seterdrifta – med alt den inneber av småe og store innsatsfaktorar – til å gje ein skikkeleg pluss i økonomien. Målet må vera å få seterdrifta, på ein brei basis, til å bli ei ressursforvaltande, berekraftig, tradisjonsrik og framtidretta form for næring - som samfunnet ikkje kan vera forutan.

Reidun Skånsar, Lom

## Fotokonkurranse

omtala vi i førre utgåva av Seterbrukaren. Vi oppmodar alle om å bruke fotoapparatet aktivt på setra og i stølslandskapet i sommar! Du kan også delta med eldre foto. Send foto digitalt eller som papirkopiar, og ein foto- og seterfagleg jury vil plukke ut dei beste. Premieringa vil vi framleis ha som ei overrasking! – Bileta kan sendast til Norsk seterkultur, 6214 Norddal eller e-post: seter@seterkultur.no

## Grønt Spatak

### populært som aldri før

Svært stor interesse for Grønt Spatak i år melder Andreas Kokkvoll Tveit i Natur og Ungdom. Kring 80 ungdomar skal i sommar ut på beitetilsyn, seter eller gard – mot kring 50 dei foregåande åra. NU, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Felleskjøpet og Norsk seterkultur samarbeider om dette tiltaket, som verkeleg er alliansebygging og samarbeid i praksis. Den store pågangen siste vekene fram mot påmeldingsfristen har kravd innsats, fortel Andreas. Og samarbeidspartnarane

har forsøkt å hjelpe til med å skaffe nok vertskap. Grønt Spatak har potensiale for ytterlegare vekst, og det bør vi ta tak i i god tid før neste sesong, seier Andreas, og gjer det klart at det trengst fleire setervertskap.

## Mange vil bli budeie

Norsk seterkultur får svært mange spørsmål om seterjobbar, men dessverre har vi ikkje ressursar till å drive formidling. Det vi gjer er å leggje jobb-annonsane ut på "Markedsplassen" på heimsida www.seterkultur.no, sameleis med dei som annonserer etter hjelp på setra. Vi har elles hatt annonsar i nokre blad/aviser

# High – tec i seterfjellet

Dette lille huset er bare en meter høyt og er boligen til seternissen i Grøvdalen. Men her bor det en skikkelig high-tec nisse, for huset skjuler mikro-kraftverket til Inner Gammelsetra i Grøvdalen.

## AV PER GAMMELSÆTHER

Setra ligger ca 1,5 times gange fra vei og er en av de ytterst få setrene i Norge der det fortsatt drives fullseterbruk. Setra er som produsent av mat underlagt næringsmiddelkontrollens tilsyn og de har over tid hatt sine anmerkinger. For å få driften inn i tilfredsstillende former var det derfor nødvendig å få gjort noe med både lagringsforhold og vannkvalitet. Kjølrom og UV-rensing av vann krever strøm, og det er langt til nærmeste kraftlinje i Grøvdalen. Svaret var å produsere strømmen selv.

Tidligere vannledning ble forlenget med 250 meter og til et fall på ca 80 meter. I enden av vannslangen gir en liten peltonturbin kraft nok til drift av en likestrømsdynamo som leverer ca 800 watt. Strømmen ”lagres” i to store batterier (150 ah x 2 x 24v), og en vekselretter sørger for å levere 230 v sinus vekselstrøm, maksimalt 1500 w.

En frekvensomformer endrer enfas til trefas og gir myk oppstart av elektromotorer til melkemaskin og kjøleaggregat (500/250 w). En PLS (programmerbar logisk styring) sørger for prioritering av brukerkomponentene innenfor rammen av hva som kan leveres. Batteriene fullades i løpet av natta. All kabling ligger i bakken, og det er ingen ting som avslører at her har teknologien gjort sitt inntog. Dette er det første kjente verket som baserer seg denne kombinasjonen av teknologiske løsninger.

Mikrokraftverket er utprøvet i en driftsperiode med svært godt resultat. Verket produserer nok strøm til å dekke kraftbehovet.




Inne hos nissen er det to rom, turbin og dynamo i det ene og batteribank i det andre. Vekselretteren er montert utvendig på kortveggen. Vanntrykket inn til turbinen er ca 8 bar, med avgrensning med reduksjonsventil for trykkvann til innhusa. Vannforbruket er ca 2,5 ltr /sek

Nisseverket lager strøm nok til melkemaskin, kjøleaggregat, varmtvannstank, UV-filter, kjøle- og fryseskap, lys i arbeids og oppholdrom. Alt dette har lettet arbeidet i vesentlig grad for seterfolket, og bidratt til bedre produkter

Sommeren 2003 har det ikke vært lagrings-svinn, og produktene var av en helt annen kvalitet og holdbarhet enn foregående år. I tillegg er miljøet vesentlig forbedret ved at en slipper støy og eksos ved bruk av motorrevet aggregat.

Mikrokraftverket er svært stillegående. 20 – 30 meter unna er det ikke hørbart.



Ved tidligere aggregatdrift var støy et stort problem. Mere ro i arbeid har hatt stor innvirkning på trivselen både for dyr, drivere, kursdeltakere og besøkende.

Interesserte kan få flere opplysninger av Sivert Gammelsæther, epost: [sivert@opfor.no](mailto:sivert@opfor.no) eller ved å ringe 41190601.

## Seterprisen 2004



*Det er en formidler vi ønsker å hedre med Seterprisen 2004! Du kan finnes i skoleverket, innen media eller i andre miljøer med tilknytning til stølslivet.*  
**Søknadsfrist 1. juli 2004.**

Norges Vel deler ut Seterprisen for fjerde gang. Stølslivet har en sentral rolle i vår felles kulturarv. Setring er positivt for det lokale reiselivet, for kulturlandskap og biologisk mangfold og for økonomien på gardsbruket. Mange har gjort en positiv innsats for å formidle kunnskap om stølskulturen til barn og unge.

**Seterprisen består av et litografi av Svallaug Svalastoga, en pengepremie på kr 5 000, samt livsvarig medlemskap i Norges Vel.**

**Flere opplysninger og forslagsskjema på [www.norgesvel.no](http://www.norgesvel.no) eller tlf. 64 83 20 00.**



DET KGL. SELSKAP FOR NORGES VEL

## Husk salt på utmarks- og fjellbeite!

Storfe som får mindre enn 3 kg kraftfôr og småfe som får mindre enn 400 g kraftfôr er utsatt for mineralmangel og bør alltid få tilskudd av mineraler på kulturbeite. På utmarksbeite og fjellbeite er det mer botanisk variasjon og flere plantearter som har høyre mineralinnhold. Da er det først og fremst salt og selen det blir for lite av. Saltslikkestein er derfor en god investering til dyr på utmarksbeite.

Av KARI LJØKJEL, FELLESKJØPET FØRUTVIKLING

I det siste har det vært mye fokus omkring tilskudd av mineraler på beite. Og spesielt på kulturbeite med størst andel gras og lite urter kan mineraldekningen ofte bli knapp når det gis lite kraftfôr. På utmark- og fjellbeite stiller saken seg litt annerledes.

Analysen av beite- og grasprøver fra hele landet viser at både storfe og småfe har behov for mineraltilskudd. Undersøkelsene viser at dyras behov for kalsium, fosfor, natrium og andre mineraler ikke tilfredstilles ved tildeling av kun grovfôr eller ved lave kraftfôrmengder, når grovfôret hovedsakelig består av gras.

På utmarks- og fjellbeite er det mye større artsvariasjon i beitemateriale. I tillegg til gras finnes halvgras, siv, urter, lyng og lauv. Spesielt halvgras, siv og urter har et betydelig høyere mineralinnhold enn grasartene, og disse plantene har i tillegg høyere fordøyelighet. Dersom dyra går på slikt beite

er det derimot svært viktig å tilføre saltslikkestein med selen. Natrium og selen er det alltid lite av i norsk grovfôr og beite.

For sindyr, ungdyr og dyr som ellers får lite kraftfôr, og er i nærheten av setra, kan fri tilgang på Pluss Multitilskudd Appetitt fra automat være en løsning for å få tilskudd av nok mineraler. Dette er en enkel måte å tilføre mineraler på, når dyra ikke føres individuelt. Denne blandinga er sammensatt for at dyra skal ta en passende mengde når de får fri tilgang. Det er innholdet av salt som regulerer opptaket. Flere undersøkelser viser at dyra ofte regulerer opptaket av salt etter sitt eget behov. Pluss Multitilskudd Appetitt er tilsatt ekstra salt i en mengde som er avpasset de øvrige mineralene. Slik er det unødvendig og ikke ønskelig å gi saltslikkestein i tillegg. Ekstra magnesium er tilsatt for å forebygge graskrampe. Mikromineralinnholdet i denne blandinga er redusert i forhold til standard mineralblanding, for å hindre overdosering av for eksempel selen. Ved



Slike automater kan brukes til tildeling av mineraler til storfe. Det finnes også en mindre utgave til småfe.

bruk av denne tildelingsmåten bør bonden likevel følge med på forbruket.

Vanlig opptak av Pluss Multitilskudd Appetitt bør være 75-150 g/dag for storfe og 20-50 g/dag for geiter. Dersom opptaket overstiger det dobbelte over mange dager kan saltslikkestein gis i tillegg for å regulere ned opptaket. Dersom opptaket da blir for lavt tas saltslikkestein bort igjen.

## Ta et tak

Det har kome inn over 700 søknader om midlar frå Ta et tak-aksjonen til Norsk Kulturarv. Interessen for å halde gamle stølshus i stand er stor, og vi vil kome attende med stoff om dette temaet.

Frå markering av aksjonsstarten på årsmøteseminarret til NSK.

Anders M. Enget frå Alvdal overleverte første søknaden til aksjonsansvarleg Trude Lillevik.



## Markedsføring av setre

Det er svært mange besøk på heimesida til Norsk seterkultur – og alle medlemar som har stølsprodukt (mat, servering, overnatting, omvising, kurs m.v.) å by får ei "side" på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) under vignetten "Til seters". Send tekst og 2-3 foto (digitalt eller pr. post), så utformar vi sida.

## Bruk heimesida!

Med fire utgaver i året og begrensa plass er det ikkje all verda vi kan få formidla gjennom Seterbrukaren. Heimesida har derimot stor kapasitet, blir oppdatert jamt og kan brukast til informasjon om arrangement, kurs, jobbsøknadar/stillingsannonsar, sal av stølsprodukt m.m.

Seterbrukaren 2004

## Kurs og arrangement

### Fanafjellsdag 27. juni

Hordamuseet arrangerar familiedag på Stølsavdelinga på Fanafjellet. Aktivitetar i og kring dei gamle stølshusa. Opplev god gamaldags seterstemning. Samarbeid med Fanaseter Kafé og Minigård.

Opningstid: kl. 12.00-17.00.

### Brenden seter i Lordalen i Lesja

Seterkurs med stell av dyra, mjølkning, ysting m.m. Blir arrangert vekene: 27, 28, 29, 30, 31, 32 og 33. Påmelding: tlf. 61243732/48050926

### Gammelsetra i Grøvdalen i Sunndal

Ungdomskurs, kurs 1: veke 28, 4-10. juli. For unge drivarar og "piltar" for kunnskapsauke og moro. Ordinære kurs, kurs 2: veke 30, 18.-24. juli og kurs 3: veke 32, 1.-7. august. Påmelding: Eldri Svisdal, Anne Moesgt. 14, 2400 Elverum, tlf. 99236351.

### Grøvu-helg

30. juli-1. august!

### Bufarhelga i Valdres

11.-12. september.

# Lina på Tundradalssetra

Ei vending som kom opp fleire gonger på seminar og årsmøte i år, var omgrepet "turbobudeie". Anten vi vil det eller ikkje er vi blitt tidsslaver – dagene vert oppstykkja med arbeid og stell på fleire stader og vi vert budeier og budører a` la mobile.



Med dette som bakteppe er det ekstra triveleg å vitje ei budeie som i meir enn ein mannsalder har hatt fast sommarsete på setra. Ein tidleg vårdag tok eg turen innom hjå Lina Eiesar. Ho var travelt opptatt med bakst denne dagen, og underteikna blei raust påspandert kaffi m/ nydeleg mørlelse og "halvsleie storrumbrod".

Lina Eiesar har hatt med seg kyr og geiter på setra i Tundradalen i Skjåk sidan 1947. Ho har opplevd, og kan fortelje om ei tid – som i antal år ikkje er so langt unna – men som i "utvikling" er lysår unna. Det var fem aktive Tundradalsetre den gongen - der det er ei aktiv seter i dag.

Lina fortel om stell og rutiner der samarbeid og samhold mellom budeiene var sentralt. På morgonen vart geitene mjølka fyrst for so å bli lokka ut i beitet. Etter denne økta, var det kyrne sin tur; mjølking og lokking. Lokkinga gjorde budeiene i lag, og det var nøye planlagt kvar dyra skulle gå. Beste osten, fortel Lina, fekk vi når dyra vart lokka ut i baksida!

Lokkarkaffen representerte avslutninga av morgonstellet, dette var ei samlingsstund for budeiene – før resten av dagens gjerning sto for tur.

Kumjølka og mykje av geitmjølka vart køyrd 10 km til hovudvegen med hesteskyss. Henting annankvar dag. Det vart produsert ost til kvar helg; kokt bronost og ysta kvitost. Det var vanleg å leige med seg nokre ekstra geiter til fjells. Betaling for dette var gjerne i form av ost. Folk, gjerne ungane, fulgte dyra i beitet. Ved sidan av å passe på dyra og hindre uhell i å skje, vart beite verdsatt på ein annan måte enn no. Setersesongen byrja kring 1. juni, og varte til utgangen av september. Produksjonen var avhengig av jamn og god mattilgang og dyretettheten i utmarka var mykje høgre enn no. Høyrd eg "organisert beitebruk?!"

Lina har mange historier om dyra sine, helst om geitene, dei likar ho best. Med eit heilt liv i samhandling med dyra, har ho kunnskap og erfaringar ein annan berre kan misunne henne. Dyra måtte handsamast individuelt, noko anna kunne straffe seg. Som den gongen bjøllegeita ikkje vart mjølka på den pallen som var hennar faste plass. Lina hadde det travelt, og gjorde unna morgonmjølkinga utan å ta omsyn til bjøllegeita sine fine vaner. Den kvelden kom ikkje geitene heim! Lina skal til seters også i sommar. Dit har ho med seg 5-6 kyr som skal mjølkast. I tillegg har ho med seg geitene, men dei er turre om sommaren no. Lina har og "fast fylgje" av ein svart, flott buhund – hanhund. Denne tok ho med seg på utstilling for nokre år sidan, og "gjorde reint bord"! (Sjekkjetips til buhundtisper!)

Setra er også ein møteplass der ungar, barnebarn, oldebarn og folk flest trivst. Og på spørsmål til ei av barnebarna hennar om kva ho tykte om setra i Tundradalen, var svaret kontant "Beste plassen på jord!".

Kjersti

## Seter til leie

Vi har seter i tradisjonelle seterhus, fullt utstyrt med mjølkerom, kokhus for produksjon av mjølkeprodukter godkjent av mattilsynet, fjøs, mjølkemaskin, minikraftverk og store herligheter i flott natur i Grimsdalen nord for Rondane i Dovre. Setra har i snart 10 år vært et samlingssted med bevertning av seterprodukter, er godt innarbeidet og ligger ved bilveg. Vi ønsker å leie ut setra med alt tilbehør for nytt vertskap. Vi kan garantere flotte sommeropplevelser i Grimsdalen for de rette personene!

Kontakt: Gunvor Gauteplass tlf. 61 24 00 40, epost: [gu-gaute@frisurf.no](mailto:gu-gaute@frisurf.no)

Bli med i



### Medlemskontingent 2004

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 500,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttmedlem/tinging  
av Seterbrukaren

Navn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg seg medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

### NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77

Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169



Den Norske Turistforening

formidler naturopplevelser for livet. Derfor samarbeider vi med Norsk Seterkultur for aktiv stølsdrift i et levende kulturlandskap.

NORSK SETERKULTUR  
6214 NORDDAL

B-blad

# Kjøp nå

## – Veiviseren –

Norsk Kulturarvs  
håndbok til de gode  
opplevelser.

Bestill på  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen  
og vi støtter Norsk seterkultur  
i arbeidet for denne driftsforma



Fri tilgang til Pluss Multitilskudd  
Appetitt fra automat gjør det enklere  
å tilføre mineraler på beite.

## Mineraler på beite!

Sinky og alle mjølkekyr som får mindre enn tre kilo kraftfôr er utsatt for mineralmangel og bør alltid få tilskudd på beite. Tildeling av mineraltilskudd til ungdyr og kviger på beite gir økt tilvekst og bedre fruktbarhet.

### Pluss Multitilskudd Appetitt

- kan gis fra automat (Microfeeder)
- er tilsatt ekstra salt slik at saltslikkestein vanligvis er unødvendig
- er tilsatt ekstra magnesium for å forebygge graskrampe
- innholdet av mikromineraler er redusert for å hindre overdosering av f.eks. selen

side 101 fotografisk foto Flemming Sævi



Nyhet

Pluss Multitilskudd Appetitt

Felleskjøpets tilskuddsførserie

Pluss